

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	10.02.2021	016/21
Kvam miljø-, plan- og bygningsutval	09.02.2021	010/21
Kvam Ungdomsråd	08.02.2021	004/21

Avgjerd av:	Arkiv: N-101.3	Arkivsaknr
Saksh.: Nedkvitne, Jon	Objekt:	20/15 - 36

Energi- og klimaplan for Kvam herad - offentlig ettersyn

Behandling i politiske utval:

08.02.2021, URÅD- 004/21 Vedtak:

Kvam formannskap vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja energi- og klimaplan for Kvam herad ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker.

10.02.2021, FSK- 016/21 Vedtak:

Kvam formannskap vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja energi- og klimaplan for Kvam herad ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam formannskap vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja energi- og klimaplan for Kvam herad ut til høyring og offentlig ettersyn i inntil 6 veker.

Samandrag:

I Kvam herad sin planstrategi for perioden 2016-2019, vart det gjort vedtak om revisjon av energi- og klimaplanen. Revisjonen vart fylgt opp i ny planstrategi for perioden 2020 - 2023. Planarbeidet har vore noko forseinka, men starta opp i byrjinga av året 2020 og planprogrammet vart endeleg vedtatt i HST-sak 037/20.

Overordna mål er å medverka til å stoppa klimaendringane i tråd med FN sitt berekraftsmål nummer 13 og medverka til at Noreg vert eit lågutsleppsamfunn i 2030.

Planframlegget har tre delmål retta mot 1) klimagassutslepp, 2) energi og 3) tilpassing til klimaendringane. Dei største klimagassutsleppa i Kvam kjem frå Elkem Bjølvfossen, og er underlagt statlege kvoteordningar. Andre store utslepp finn ein innan sektorane transport og landbruk, der også det største potensialet for reduksjonar ligg.

Energi- og klimaplanen vil vera ein av dei viktigaste dokumenta i denne heradsstyreperioden. Dokumentet skal vera grunnlaget for at Kvam herad skal vera med å medverka til at kommuneorganisasjonen og kvammasamfunnet arbeider mot ei berekraftig utvikling.

Planen skal vera med å peika i ein retning, der me kan vera med å medverka til oppnå FN sine berekraftsmål, måla i Parisavtalen og dei nasjonale målsetjingane som er sett.

Planen har ei kartlegging av sentrale sektorar og legg fram ei lang rekkje tiltak for korleis me kan nå måla i planen. Det står att eit viktig delarbeid i energi- og klimaplanarbeidet. I tillegg til planen, skal det utarbeidast ein eigen handlingsplan der tiltak skal prioriterast, og deretter innarbeidast i den årlege gjennomgangen av budsjett og økonomiplan. Arbeidet med handlingsplanen vil gå parallelt med høyringsinnspel, og målet er å ha klar begge til politisk handsaming i juni 2021.

Vidare må energi- og klimaplanen koma med i anna planarbeid etter kvart som dei vert revidert som t.d. kommuneplanen, slik at det vert gjennomgåande og gode styringsdokument for Kvam herad si oppsiktsvekkjande framtid.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
717808	Energi- og klimaplan

Andre dokument i saka:

Energi- og klimaplan til innspelsmøte 17.06.2020 Kort 2

vedlegg datagrunnlag og vedteke planprogram

Vedlegg til klimaplan

Klimaplan i PDF

Energi og klimaplan

Innspel til klimaplan

08.02.2021 Kvam Ungdomsråd

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

URÅD- 004/21 Vedtak:

Kvam formannskap vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja energi- og klimaplan for Kvam herad ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker.

10.02.2021 Kvam formannskap

Framlegg frå Kari Mostad, MDG: som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:

Hovudmål: Kvam herad skal i tråd med FN sitt berekraftsmål 13 medverka til å stoppa klimaendringane og til at Noreg vert eit lågutsleppsamfunn i 2030.

Framlegg frå Frode Nygård, FrP: som rådmannen sitt framlegg til vedtak

Røysting:

Framlegget til Frode Nygård, FrP fekk 5 røyster og vart vedteke mot 4 røyster

Følgjande røysta for framlegget til Frode Nygård, FrP:

- Frode Nygård, FrP
- Jostein Ljones, SP
- Svein Stuve, SP
- Siv Håbrekke, SP
- Frode Skeie, SP

Framlegget til Kari Mostad, MDG fekk 4 røyster og fall mot 5 røyster

Følgjande røysta for framlegget til Kari Mostad, MDG:

- Kari Mostad, MDG
- Lisbeth Fredheim Oma, KrF
- Torgeir Næss, Ordførar
- Evy Kleivane, AP

FSK- 016/21 Vedtak:

Kvam formannskap vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14, å leggja energi- og klimaplan for Kvam herad ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker.

Saksopplysningar:

I Kvam herad sin planstrategi for perioden 2016-2019, vart det gjort vedtak om revisjon av energi- og klimaplanen. Revisjonen vart fylgt opp i ny planstrategi for perioden 2020 - 2023. Planarbeidet har vore noko forseinka, men starta opp i byrjinga av året 2020 og planprogrammet vart endeleg vedtatt i HST-sak 037/20.

Energi- og klimaplan for Kvam Herad 2020-2024 er ei revidering av gjeldande energi- og klimaplan for Kvam i frå 2012

Norconsult v/Astrid Rongen har vore ansvarleg konsulent for planen.

I samband med oppstart av planarbeidet, vart det understreka at:

«Ny plan vil vera meir todelt, der ein viktig del vil handla om korleis me kan redusera utslepp av klimagassar, korleis redusera energiforbruket og sjå på moglegheitene for fornybar energi. Den andre delen vil i større grad ta for seg korleis me skal arbeida med klimatilpassing i vårt eige samfunn.»

I kapittelet 4 «Klimautfordringar lokalt» er statistikk over klimagassutslepp oppdatert. Ved bruk av tala må ein kjenna til ein del atterhald. SSB sine data på kommunenivå omfattar berre dei utsleppa som skjer innafor kommunegrensene. Energi og klimautslepp frå varer produsert andre stader, inngår ikkje i statistikkane. Metodane for utrekning av utslepp og energibruk har og endra seg over tid og kan ikkje samanliknast direkte. Evaluering av førre plan og utarbeiding av prognosar som byggjer på basisår før 2009, er derfor vanskeleg. Skipsfart kom først med i statistikken i 2013 Kvam herad har mykje skog som tar opp i seg meir CO2 enn det som vert sleppt ut innafor Kvam herad sine grenser når ein held Elkem Bjølvefossen utanfor. Det betyr likevel at alle må bidra til dei globale utfordringane om å nå Parisavtalen sitt 2 graders mål i 2100.

Overordna mål er å medverka til å stoppa klimaendringane i tråd med FN sitt berekraftsmål nr 13 og medverka til at Noreg vert eit lågutsleppsamfunn i 2030. Planframlegget har tre delmål retta mot 1) klimagassutslepp, 2) energi og 3) tilpassing til klimaendringane. Dei største klimagassutsleppa i Kvam kjem frå Elkem Bjølvfossen. Andre store utslepp finn ein innan sektorane transport og landbruk, der også det største potensialet for reduksjonar ligg.

Hovudmål

Kvam herad skal i tråd med FN sitt berekraftsmål 13; «Stoppa klimaendringane», medverka til å stoppa klimaendringane og medverka til at Noreg vert eit lågutsleppsamfunn i 2050.

Delmål

Klimagassutslepp

Klimagassutsleppa i Kvam herad skal i tråd med nasjonale mål, reduserast med 40 (55) % innan 2030 i høve til 1990.

Energi

Energibruken i Kvam herad skal i tråd med klimaplan for Hordaland, 2014 -2030, effektiviserast med 55% innan 2030 i høve til 2007. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogeleg grad dekkast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

Tilpassing til klimaendringane

Tilpassing til klimaendringane skal baserast på «føre var-prinsippet», meir presise grunnlagsdata og lokal kunnskap.

Hovudkapitla i planen omhandlar:

- Klimautfordringar globalt og nasjonalt
- Klimautfordringar - lokalt
- Energi
- Klimatilpassing
- Areal og transport
- Jordbruk og skogbruk
- Bygningar
- Biologisk mangfald
- Næring
- Kvam herad - klimaleiing - haldningsskapande arbeid - samarbeid

Sektorane er omtala med underkapittel «Status» og «Korleis me kan nå måla».

Vurdering:

Energi- og klimaplanen vil vera eit av dei viktigaste dokumenta i denne heradsstyreperioden. Dokumentet skal vera grunnlaget for at Kvam herad skal vera med å

medverka til at kommuneorganisasjonen og kvammasamfunnet arbeider mot ei berekraftig utvikling.

Planen skal vera med å peika i ein retning, der me kan vera med å medverka til å oppnå FN sine berekraftsmål, måla i Parisavtalen og dei nasjonale målsetjingane som er sett. For at planen skal få gjennomslagskraft i heile kvammsamfunnet, er det viktig at Kvam herad tek sitt ansvar for ei berekraftig utvikling og fylgjer opp planen.

I HST-sak -005/20 vart det gjort fylgjande vedtak:

Kvam herad skal prioritera arbeidet med energi- og klimaplan. Ny vurdering av medlemskap i Klimapartnere Vestland, vert gjort som ein del av arbeidet med planen.

I planen som vert lagt fram er det lagt vekt på at nettverk er viktig for å oppnå måla i planen. Kva nettverk som vil vera viktige å ta del i vert tatt inn i handlingsdelen.

Planen har ei kartlegging av sentrale sektorar og legg fram ei lang rekkje tiltak for korleis me kan nå måla i planen. Det står att eit viktig delarbeid i energi- og klimaplanarbeidet. I tillegg til planen, skal det utarbeidast ein eigen handlingsplan der tiltak skal vurderast ut frå kostnad, ansvar, forventa klimaeffekt, og prioriterast, og deretter innarbeidast i den årlege gjennomgangen av budsjett og økonomiplan. handlingsplan, med tiltak, kostnad, ansvar og forventa klimaeffekt ifrå dei einskilde tiltaka. I budsjett og økonomiplan er det sett av 250 000,- kr årleg til gjennomføring av tiltak i energi- og klimaplan.

Arbeidet med handlingsplanen vil gå parallelt med høyringsinnspel, og målet er å ha klar begge til politisk handsaming i juni 2021. Vidare må energi- og klimaplanen koma med i anna planarbeid etter kvart som dei vert revidert som t.d. kommuneplanen, slik at det vert gjennomgåande og gode styringsdokument for Kvam herad si oppsiktsvekkjande framtid.